

# KYRKJEBLADET

64. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 3/2010

Andakt Side 3

Slekters gang Side 11

Gudstenesteliste Side 12



**Landsmøte  
i Tibetmisjonen** Side 4-5

**Stamnes kyrkje** Side 7

## DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

### Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

### Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00

onsdag kl. 11.00-15.00

### Kyrkjevevje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

E-post: edvarboe@online.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen  
og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltilf 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

### Kantorane Olav Arne Steinkopf og

### Tone Synnøve Øygaard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

### Organist i Eksingedalen

#### Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Mobiltilf. 95 22 84 47

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.



Nesheim kyrkje og gravlund.

Foto: Svein Ulvund

## Gravlund

Ein kan like godt merkje seg ordet. Kyrkjegard er ut, gravlund er inn. Framlegg til ny gravferdslov er ute til høyring, og det første som møter ein er endring av skrivemåten for staden me gravlegg våre næraste. No er det vel ikkje så farleg med litt sivil ulydnad i indre strok, dei fleste vil nok nytte ordet kyrkjegard ei stund til. Rett nok har me Vaksdal, Dale og Stanghelle gravplass, og overgang til gravlund er ikkje stor, men det kan ta ei tid før me tykkjer det er naturleg å kalle Nesheim kyrkjegard for Nesheim gravlund. No skal ein ikkje ta for mykje av merksemda bort frå sjølv formålet med endringa av lova, nemleg at departementet vil ha "en gjennomgang av gravferdsloven med sikte på å legge betre til rette for religiøse og livssynsmessige minoriteters behov ved gravferd." Lovendringa er viktig for å leggje til rette både for andre livssyn, og for livssynsneutrale gravferder. Samfunnet er i endring, og lovverket må følgjast opp. Kommunen, eller fellesrådet, må rekne med å måtte leggje til rette for livssynsmessige minoritetar sine behov, eller å dekkje kostnader dersom dei må reise ut av kommunen for å gjennomføre gravferd. Andre endringar er at sambuande i "ekteskapslignende samboerskap" vil få dei same rettar som ektefeller i høve til å syte for gravlegging av ektefelle. Og fristen for gravlegging, som før var innan 8 dagar etter dødsfallet, vert truleg auka til 14 dagar.

Endringane i gravferdslova vil og påverke Kyrkjelova. Sokna skal framleis eige kyrkjegardane, orsak, gravlundane, men uttaleretten i høve til bygging eller nedlegging av gravlundene er endra.

Andre endringar i Kyrkjelova kjem som følgje av endringar i organiseringa av prestetenesta og innføring av politiattest, og liknande. Fellesrådet skal gje sine merknader til lovendringa innan 15. september.

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 180,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:** Kyrkjevevje i Vaksdal

**Grafisk utforming:** Wenche Horvei

**Kasserar:** Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

**Exp. og trykk:** Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik, 5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 1. november 2010.**

# Følg meg!

**”Då Jesus gjekk lenger fram, fekk han sjå ein mann som sat på tollbua; han heitte Matteus. Jesus sa til han: Følg meg! Då reiste han seg og fylgde han.”**

Eg har alltid undra meg over desse forteljingane då Jesus kalla læresveinane. Korleis kunne det ha seg at dei reiste seg og fylgde etter Jesus berre på orda hans? ”Følg meg!”, sa Jesus.

I fyrstninga ei enkel uforpliktande oppmoding. Bli med meg! Kom og sjå! Ikkje meir enn det, berre sjå sjølv og gjer deg opp di eiga mening om det du ser. Om ikkje anna vart dei nyfikne på Jesus. Kven er denne mannen?

For læresveinane vart det meir enn berre den eine gongen. Dei fylgde han for livet. Det dei såg, det dei høyrde, gjorde eit uutsletteleg inntrykk. Er det ikkje slik framleis? Du får ei innbyding. Kanskje frå ein i familien, kanskje er det ein ven. Eller innbydinga er ein plakat eller annonse. Det er gudsteneste, det er møte. Nokon kjenner kallet til tru og å fylgje Jesus med ein gong, men for mange kan det ta lang tid. Det gjer ikkje noko. Vi er litt ulike. Og ofte er det med dei som fortel om ei plutselig omvendning, at Herren har verka i dei og kalla i det stille i lengre tid.

Dei som møter Jesus kjenner at han har omsut for dei, berre i måten han kallar dei. Jesus vil ha med meg å gjere. Slik var det med Matteus. Han var tollar. Ingen jødisk rabbi ville be med seg ein tollar i flokken av læresveinar. Dei var rekna for å vere dei største syndarar. Jødane hadde den trua at berre ved kontakt med ein tollar, vart dei smitta av synden. Når Jesus sa: Følg meg!, så var det dei mest fantastiske ord Matteus nokon gong hadde fått høyre. Eg trur han må ha fått tårer i augo.

Følg meg! Orda lyder framleis. Kom og sjå, ja smak at Herren er god. Som læresveinane treng heller ikkje du meir enn dette eine enkle kallet. I bibelen vitnar dei om korleis dei fylgde han, og låg det gamle livet bak seg. I han fekk dei eit nytt som var så mykje betre enn dei frå fyrst av hadde tankar om. Me er mange som framleis kan vitne om det same.

***Bli med, bli med til livet!***

***Begynn i unge år!***

***Da vernes vi mot mørket,***

***Mot syndens dype sår.***

***Da lever vi i lyset,***

***Og lysets barn vi blir,***

***Og bærer frukt som varer-***

***Mens det mot høsten lir.***



# Glimt frå landsmøtet til Tibetmis



Vaksdalsfolk på landsmøtet, saman med HimalPartner sin generalsekretær, Heidi Westborg Steel (midt i sofaen). Elles på bilete, bak frå venstre: Kjartan Gullbrå, Ragnvald og Eli Kringlebotten. Framme frå venstre. Elisabeth F Gullbrå og borna Eivind Prakash, Ingrid Marie og Ole Johan.

*Frå 29. juli til 1. august fekk me gleda av å vera med på Tibetmisjonen sitt landsmøte på Solborg Folkehøgskule i Stavanger.*

Det var kjekt at både møte og overnatting var på same staden. Me gjekk til duk og dekkja bord kvar dag, og det var kjekt. Godt var det også å få starta dagen med ei bønnesamling før frukost. Kjekt å treffa nye og nokre me kjende frå før. Ragnvald fekk mellom anna etter mange år treffa att ei som var leiar når han som tolvåring var på sommarleir i Sunnhordland.

Tema for landsmøtet var

«En kropp».

Torsdag og fredag hadde Berit Helgøy Kloster bibletime ut frå dette temaet. -Det er ein kropp men mange lemer, -kvar har me ei oppgåve å gjera, -evangeliet skal vidare ut, i den stafetten er du og eg med, -me har alle fått ei gåve, men gjevaren bestemmer, sa ho mellom anna.

Om kveldane var det først «Alle sammen møte» der

alle var med. Etter dette gjekk barna til sitt opplegg mens me andre fekk vera med på møtet vidare.

Eit morosamt innsalg fekk me fredagskvelden. Den kvelden var det ungdomane som stod for opplegget. Når dei skulle ta opp kollekt kom dei inn med sekk på ryggen og tok opp kollekten i kvar sin fjellstøvel.

Me fekk også utflukter med buss. Fredagen var me

til Oljemuseet i Stavanger. Laurdagen var me på busstur langs Nordsjøvegen sør til Varhaug. Der stoppa me mellom anna på Orrestranda, og der var det nokre som hadde drive surfing. Dei lurte på om me ville prøva, men me avlo venleg. Me sit beggje att med gode minne etter fine dagar.

**Eli og Ragnvald  
Kringlebotten**

# Tibetmisjonen (no HimalPartner)

Tibetmisjonen har 9 utsendinger ute og 3 på hjemmeopphold. Dei støttar 12 prosjekt med lokale samarbeidspartnere i Nepal og Tibet/Kina. Desse bidrar i diakonale og tekniske prosjekt innan landsbyutvikling, miljø, helse og

psykisk helse, undervisning, utvikling av arbeidsplassar og tekniske fagutvikling. Kyrkjelydane i Vaksdal er engasjerte i organisasjonen sitt arbeid.

Tibetmisjonen har fått nytt namn. Dette skriv dei om namneendringa:

## Nytt navn, samme kurs

Tibetmisjonen sitt nye namn er HimalPartner. Dette tyder ikkje at me endrar kurs.

Det var stort fleirtal for namnendring blant delegatane på Tibetmisjonen sitt siste landsmøte i Stavanger. 86 stemte for, seks stemmesedlar var blanke og fire stemte imot. Landsstyret sitt forslag vart med det vedteke.

Det er fyrst av alt viktig å seie at namnendring ikkje tyder at me endrar kurs. Me held på misjonsfokus og held fram med å arbeide på samme viset – inkludert å arbeide i Tibet/Kina.

Tibetmisjonsnavnet har vore og er komplisert å nytte i dei internasjonale samhengane me arbeider i. Det er ikkje mogleg å nytte i Tibet/Kina, og er misvisande for arbeidet i Nepal. Me trur det nye

namnet vil gjere vårt arbeid enklare.

Navnet synest me speglar kven me ynskjer å vere og kven me er. «Himal» tyder fjell og fortel om geografien i områda me arbeider i. Det speglar seg og på Salme 121; "Eg lyfter mine augo opp til fjella." Me ynskjer og å vere ein likeverdig "partner" for samarbeid både i Nepal, Tibet/Kina og Norge.

Logoen me skal utvikle ynskjer me skal understreke vår misjonsprofil.

Landsmøtet har gjeve styret i oppgåve å arbeide med ein eigna undertittel. I overgangen oppfordrar me til alle til å omtale oss slik: HimalPartner (tidl. Tibetmisjonen).

## Nattverd der du er

*Nattverd får ein vanlegvis i ei gudsteneste. Då kjem ein fram til altaret, kneelar og får fyrst eit brød (ein liten kjeks, kalla oblat) og så vin (i eit lite beger, kalle særkalk).*

Det er ikkje alle som greier å koma seg til kyrkja, og somme ynskjer av andre grunnar å få nattverd utanom gudstenesta. Då er det mange høve:

**Ein kan kontakte presten og be om nattverd heime eller ein annan stad.**

Dette gjeld og de som bur på institusjon.



### Ein kan få nattverd på institusjon

Det er jamnleg nattverdsgudsteneste på Vaksdal sjukeheim og Daletunet. Desse er retta mot dei som bur på pleieavdelingar og i eldrebustader, men er i utgangspunktet og opne for andre.

### Er det vanskeleg å koma til altaret?

For somme er det vanskeleg både å gå til og å knele på altaret.

For desse er det fleire alternativ:

Det går an å verte ståande ved altarringen, i staden for å knele.

Det går an å stå nede ved trappa til koren, evt sitje på fyrste benken.

Det går an å bli verande i benken der er ein er, så kjem presten ned til deg.

Særleg om ein vel det siste er det viktig å kontakte presten om dette på førehand, slik at han veit kven det gjeld og ein kan få nokon til å kome med særkalken.

### Glutenfritt nattverdsbrød

Prestane har slikt nattverdsbrød. Me har ikkje noko system på korleis ein kan signalisere at ein treng glutenfritt brød utover at ein må gje melding om dette til presten på førehand. Dette kan ein få anten ein tek imot nattverden i kyrkja eller ein annan stad.

# Mykje vitjing frå NLA i oktober

Norsk Lærarakademi (NLA) reiser kvar haust rundt om i fylket og vitjar kyrkjer og bedehus. I år kjem dei til kyrkjene i Vaksdal dei to fyrste sundagane i oktober, og er med på fleire av gudstenestene.



**NLA Høgskolen, Bergen** Breistein Sandviken



NLA på Breistein.

NLA Høgskolen i Bergen er ein kristen privat høgskule, som er open for alle uansett livssyn. Høgskulen har offentleg godkjente eksamenar. Studentane betalar ikkje skulepenger, berre studie- og eksamensavgifter. Skulen held til to stader i Bergen, og har om lag 1400 registrerte studentar.

NLA Høgskolen i bydelen Sandviken er studie-stad for tilboda innan faga kristendom, pedagogikk, interkulturell forståing og ex. phil. & ex. fac.

NLA Høgskolen på Breistein i bydelen Åsane er studiestad for grunnskule- og førskulelærerutdanninga.

Les meir om skulane på [www.nla.no](http://www.nla.no).

Sundag 3. oktober vert Anne Hansli og Harald B Breistein med i gudstenestene på Vaksdal og Stamnes. Hansli er nyttilsett ved NLA i ei administrativ



Frå oppstarten på Breistein i august.

stilling. Breistein er regionleiar for Region vest av Norsk Luthersk Misjonssamband, og brukar å representere NLA i høve som desse.

Sundag 10. oktober vert Kari Sæle og Lise Einarsen Haukås med i gudstenestane på Dale, Nesheim og i Bergsdalen. Begge er pedagogar knytte til avdelinga

på Breistein.

**Sjå elles gudstenestelista bakerst i Kyrkjebladet.**

## Roy Steinsland

Roy Steinsland, nestleiar i Vaksdal kyrkjelege fellesråd, er medlem i det nye prostirådet i Hardanger og Voss prosti. Rådet skal arbeide med koordi-

nering av trusopplæringa i dei ni kommunane frå Odda til Vaksdal.

Prostirådet i Hardanger og Voss prosti vil vera eit pådrivande

samordnings-, inspirasjons-, tiltaks- og strategiorgan. Prostirådet vil ha si merksemd retta mot trusopplæringa, men vil også kunna handsama

andre saker som er felles for prostiet. Prostirådet vil arrangere møter og kurs for trusopplæringsutvala som skal opprettast i alle kommunane.

# Stamnes kyrkje er 150 år til neste år

Vigslingsdagen for den tredje kyrkja på Stamnes var etter det me veit «ein fin haustsundag», 20. oktober 1861.



Frå Stamnes kyrkje, inngangen vest i skipet.

Foto: Anne-Marta Hoff

Stamnes sokneråd har sett ned ei nemnd som skal arbeide med jubileet. Leiar i nemnda er Bjørg Dæmring Berge, og medlemmar er Trygve Kallestad, Odd Helland, Anny Bjordam Leiren og Sigmund Simmenes. Kantor Olav Arne Steinkopf og kyrkjevevje Svein Tøsse er og med.

Me kan alt no avsløra at sjølve jubileumsfeiringa vil gå føre seg i veka frå 17. til 23. oktober 2011, med markering av sjølve vigslingsdagen 20. oktober. Det vert konsertar og utstilling, og veka vert avslutta med jubileumsgudsteneste og fest søndag 23. oktober. Nemnda er ei oppkome av gode forslag, og dersom me klarar å få engasjert bygdefolket undervegs, kan me sjå fram til ei flott oppleving.

Det skal lagast utstilling og jubileumshefte. Er det nokon

som kjenner til, eller ” har i sin besittelse” noko som har høyrte til ei av desse Stamneskyrkjene? Det er rykte om alt frå gamle bygningsdelar til snusbakkar, som framleis kan eksistera rundt i bygda. Dette ynskjer nemnda å få låne til utstillinga. Stamnes er eldste kyrkjestaden i kommunen. Truleg var den første kyrkja frå midten av 1300-talet, og den andre frå byrjinga av 1600. Det vil vere naturleg at ein tek med seg litt av denne eldste historia når ein skal binde saman jubileumsfeiringa.

Jubileumsheftet som skal lagast, vil ta føre seg tida frå 1986 til 2011, slik at ein saman med jubileumsboka ”Soga om Stamneskyrkja 1861-1986” ynskjer å få fram heile sogane til kyrkja fram til 150-årsdagen.

## Eksingedalen kyrkje reingjort



Leiar i Eksingedalen sokneråd, Asbjørn Flatekval, ved inngangspartiet.

Eksingedalen kyrkje vart i sommar reingjort utvendes. Arbeidet vart utført på dugnad. Mesteparten av kyrkja vart reingjort, og skal etter kvart få ny overflatebehandling. Den grove overflata gror til grunna forureining og mose, og liknar etter kvart på ein gamalost. Årleg reingjering vert truleg naudsynt og i framtida.

## Dei ti Guds bod

### 9. Du skal ikkje trå etter eigedomen åt nesten din.

*Det tyder:*

*Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje prøver å lura til oss arven åt nesten vår eller huset hans, som om vi skulle ha rett til det, men hjelper han, så han får ha sitt i fred.*

# Stamnes bedehus 50 år

*I år er Stamnes bedehus 50 år, og dette vil verta markert med ei festleg samkome laurdag 25. september 2010 kl 17.00.*



Bedehuset i juni, under bygginga av nytt inngangsparti med toalett.

Arkitekt Johan Tveit teikna huset, og 26. juni 1960 vart det nye bedehuset vigsla.

Bedehuset vart reist på tomta til den gamle Soknestova.

Soknestova vart riven på dugnad, og Kristian Dyngeland fekk grunnar-

beidet.

Berge Langedal saman med Henrik Kallestad og John Strømme bygde huset.

Bedehuset var kostnadsrekna til kr 150 000,- og vart reist med ei gjeld på berre kr 50 000,-.

Mellom fire og fem hun-

dre menneske var med på vigsléhøgtida,

og det vart servert middag både inne - og på langbord ute!

Lat oss fylla huset denne gongen og!

Tidlegare prost Knut A.

Knudsen vert festtalar og koret "Kilden" og Stamnes barnekor syng. Og så vert det sjølvstekt matserving!

**Alle er velkomne!**

**Venleg helsing Styret  
for Stamnes bedehus  
Oddny Kallestad, leiar**

## Come Sunday i Nesheim kyrkje

Fredag 24. september kl. 19.30 vert det konsert i Nesheim Kyrkje med gruppa Come Sunday. Me er glade for at desse dyktige musikarane tek seg tid til å ha konsert i Eksingedalen. Dei skriv om seg sjølv på nettsida [www.comesunday.no](http://www.comesunday.no):

Come Sunday er ei gruppe frå Nordhordland, ei perle på vestkysten av Norge. Me likar mykje forskjellig musikk, spesielt viss den på ein eller annan måte har ein touch av jazz. I dag er me seks musikarar; vokal, slagverk, bass, tangentar, gitar



Roald Kleiveland, Trond Fykse, Cecilie Grøttveit, Odd Torleiv Furnes, Jarle Bastesen og Ivar Holsen.

og saksofon.

Konserten har gratis adgang då me ynskjer at flest mogleg skal få med seg denne opplevinga. Det vert servert

kaffi etter konserten.

**Nesheim sokneråd**

## Fløyte og gitar i Dale kyrkje

Laurdag 6. november kl 17.00 vert det konsert i Dale kyrkje med fløyte- og gitar-duoen Bøen/Fiskaaen. Det vert eit spennande program med musikk frå Sør-Amerika.

Stykka ein vil få høyre er "Sonatina" av Radames Gnattali (Brasil), "Dos Aires Candomberos" av Maximo Diego Pujol (Argentina) og "Histoire de Tango" av Astor Piazzola (Argentina). Alle desse komponistane har vorte inspirert av både folkemusikk og popmusikk frå

sine respektive heimland, og ein vil bli presentert for eit program med mange drivande rytmar.

Knut Magnus Bøen arbeidar i dag som lærar i kulturskulen i Vaksdal. Duoen Bøen/Fiskaaen har spelt saman sidan våren 2009 då dei bae

gjekk på masterprogrammet ved Griegakademiet institutt for musikk (UiB), og har spelt konsertar i Bergen, Stavanger og på Klepp. Somme vil òg hugse dei frå ein konsert i Dalekyrkja hausten 2009.



## SYNGE I KOR?

### KILDEN

øver i Vaksdal kyrkje  
fredagar kl 18.00 – 19.30.  
Alder frå 14 år og oppover.

### STAMNES BARNEKOR

øver i Stamnes bedehus torsdagar.  
Koret er for born i alderen 4 år og oppover.

Øving: Kl. 17.00 frå 3. klasse

og oppover

Kl. 17.30 alle (møt kl. 17.20)

### STANGHELLE/DALE BARNESONGKOR

øver i Dale kyrkje onsdagar kl. 14.15.-15.15.

Alder 8 år og oppover.

### STAMNES BABY/SMÅBORNSSONG

har samlingar i Stamnes bedehus. Sjå nærare oppslag.



## VING

### Ving i Dale bedehus

Ving er eit tilbod for dei som går i 5. til 7. klasse.

Samlingane er annan kvar fredag kl. 18.30-20.30

På programmet i haust står kveldar med spel og bingo, hobbykveldar, luftgeværskyting og tur til Voss med bowling og pizza.

Datoane: 3. sept, 17. sept, 1. okt, 15. okt, 29. okt, 12. nov, 26. nov.

*Adventskonserten i Stamnes kyrkje er flytta frå 4. desember til 11. desember.*

*Den 4. desember kjem Fossegrimen og Voss og omland kantori (VOK) til Dale kyrkje og vil framføre oratoriet "Paulus" av Mendelssohn.*

### Adventsleir på Fagertun i Eksingedalen

19.-21. november 2010 Adventleir for 4.-7. klasse

26.-28. november 2010 Adventleir for 4.-7. klasse

Det er Norges Samemisjon som arrangerer leirane.

Ta gjerne kontakt med dei for å få meir informasjon, men sjå og etter oppslag og flygeblad seinare i haust.

Norges Samemisjon sitt krinskantor i Bergen:

Kong Oscars gate 2, 5017 Bergen

tlf: 55 31 65 06, mob.: 48899743

Epost: bergen@samemisjonen.no

## MØTEVEKE I DALE BEDEHUS

v/ Tor Ingvald Lauvrak,

forkynnar i Nordhordland Indremisjon

### Tysdag 7. til torsdag 9. september:

Møte kl. 19.00

### Fredag 10. september:

Møte kl. 11.00 (NB!)

### Laurdag 11. september:

Møte kl. 19.00

**Sundag 12. september** vert han med i familiegudstenesta i Stanghelle bedehus kl. 16.00.

## MØTER OG BASAR

### I DALE BEDEHUS

**Sundag 3. oktober kl. 17.00:**

Storsamling

**Laurdag 30. oktober k.16.00**

Basar. Andakt v/ Reidun Skurtveit

## MØTER OG BASAR

### I STANGHELLE BEDEHUS

**Onsdag 15. september kl. 19.00**

Møte v/ Reidun Skurtveit

**Torsdag 7. oktober kl 1900**

Møte v/ Leiv Nesheim

**Laurdag 16. oktober kl. 16.00**

Basar. Andakt v/ Asle Hetlebakke

## UTDELING AV 4-ÅRSBØKENE

### I HAUST

**Stamnes kyrkje:** 24. oktober kl. 11.00

**Dale kyrkje:** 24. oktober kl. 16.00

**Vaksdal kyrkje:** 14. november kl. 16.00

**Eksingedalen kyrkje:** 5. desember kl. 15.00.

6-åringane får og bøker då, gudstenesta gjeld og for Nesheim sokn.

## Inspirasjonsdag for kvinner Saman, fri og nær Gud

Voss laurdag 18. september 2010

kl. 10.30-18.30 arrangerer ei tverrkyrkjeleg gruppe på Voss tilknytt Kvinner i nettverk ein inspirasjonsdag for kvinner i Vonheim.

*Gjennom nesten 20 år har Kvinner i Nettverk arrangert nasjonale kvinnekonferansar. Dei ynskjer å inspirera kvinner til å søkja Gud i kvardagen. Talarar er Elin Linde Fagerbakke og Liv Kaland Fjellstad.*

Praktisk informasjon:

Pris: kr 460,-. Inkl. i prisen er mat og drikke m.m.

Gje melding ved påmelding om du treng spesiell diett.

Påmelding: Betal til konto 3480.12.47972, og merk med namnet ditt, og du er automatisk påmeldt/registrert. **Siste påmeldingsfrist er 10. september.**

Treng de fleire opplysningar, kontakt Guro Rio på tlf. 93 84 27 06 eller grio.i100@gmail.com

Les meir på [www.kvinnerinettverk.no](http://www.kvinnerinettverk.no)

## GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud. NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet.

Skrifttilføyelser - Oppussing

Harald Jordal

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



Hordaland BA

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01



– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - [www.spv.no](http://www.spv.no)

**Ve vangen elektriske a/s**

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66      [www.vangen-elektriske.no](http://www.vangen-elektriske.no)

## GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.



**STEINRIKET  
DALE AS**

• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • [www.steinriket.no](http://www.steinriket.no)



- ein lokal medspelar



Boks 12, 5721 Dalekvam. Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snittar, koldtbord, middag og pizza til alle anledninger.

## SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan elektriker-tenester, også varmepumper.  
Tlf. 56 59 43 00

## VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar*

Ann-Elin Mjelde Gullbrå

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

## Kirkens SOS

Vil du vere frivillig på Kirkens SOS kriseteneste?

Innføringskurs for nye medarbeidarar på tlf. eller SOS-chat tar til i slutten av september!

Vi treng menneske som vil prate med medmenneske som har det vanskeleg.

Oppgåva di er å lytte og tenke høgt saman med den som tar kontakt. Du skal ikkje gje råd eller løyse den andre sine problem. Du får innføringskurs, reffleing og vidare fagleg oppfølging så lenge du er med i tenesta. Vanleg vaktturnus er ca. kvar 12. dag, tilpassa din kvardag. Kirkens SOS er ein døgnopen krisetelefon, tilgjengeleg via telefon og internett.

Du må vere mellom 20 og 80 år, og du må ha avstand til egne kriser.

Kursstart 27. september 2010. Kontakt oss på 55 32 58 45 / 941 83 654,

[bjorgvin@kirkens-sos.no](mailto:bjorgvin@kirkens-sos.no) eller [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

# SLEKTERS GANG



## DØYPTE

### Dale

13.06.2010 Ronja Andreassen Rabben  
 13.06.2010 Mia Angelica Terjesen Skåre  
 13.06.2010 Kristina Faugstad  
 27.06.2010 Mathias Alexander Steinsland Sætre  
 27.06.2010 Emma Steinsland Sætre  
 01.08.2010 Jacob Sandvik Lee  
 15.08.2010 Edith Sellevold

### Eksingedalen

22.08.2010 Magne Vetlejord Feirud

### Stamnes

18.07.2010 Johanna Bjørkheim Haugsvær

### Vaksdal

04.07.2010 Jakob Steinsbø  
 22.08.2010 Adrian Rosseland Kleiveland



## VIGDE

### Dale

05.06.2010 Beate Hesjedal Sundheim og Kristoffer Østvang  
 10.07.2010 Stine Langhelle Sellevold og Egon Ove Farestveit

### Bergsdalen

21.08.2010 Inger Lise Tollefsen og Trond Kaland

### Eksingedalen

31.07.2010 Janne Helen Furevikstrand og Rodrigo Alvaro Rodrigues  
 07.08.2010 Ragnhild Rambech Fosse og Stian Flatekval

### Nesheim

14.08.2010 Susanne Vivian Kilje og Jarle Ringheim

### Vaksdal

19.06.2010 Trude Litangen Jacobsen og Øystein Jacobsen  
 26.06.2010 Elin Merethe Terjesen og Irving Sæterdal  
 03.07.2010 Henriette Olaissen og Robert Hovlandsdal  
 14.08.2010 Lina Kristine Tennefoss og Olav Emil Vatshelle Bovim  
 28.08.2010 Jeanette Skage og Thomas Grenasberg



## DØDE

### Dale


17.07.2010 Eirik Adland f. 1931  
 12.08.2010 John Andreas Sellevold f. 1921  
 22.08.2010 Øyvind Vatle f. 1912

### Stamnes

01.08.2010 Einar Dyvik f. 1929

### Vaksdal

12.07.2010 Kjellaug Olsnes f. 1932  
 09.07.2010 Reidar Olaf Løtvedt f. 1932



## VELKOMEN TIL KYRKJA

### Sundag 12. september

16. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 10,3842

**STAMNES KYRKJE** kl. 11.00. Familiegudsteneste.

Edvard Bø. Konfirmantpresentasjon. Offer til konfirmant-arbeidet. Kyrkjekaffi.

**STANGHELLE BEDEHUS** kl. 16.00. Familiegudsteneste.

Edvard Bø og Tor Ingvald Lauvrak. Stanghelle/Dale barnesongkor deltek. Offer til Fagertun leirstad. Kyrkjekaffi.

### Sundag 19. september

17. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 7,1117

**VAKSDAL KYRKJE** kl. 16.00. UNG MESSE. Frode Kvamsøe og konfirmantar. Dåp. Offer til Fagertun leirstad.

### Sundag 26. september

18. SUNDAG ETTER PINSE Joh. 8,3136

**EKSINGEDALEN KYRKJE** kl. 11.00. Hausttakkefest.

Frode Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon.

Offer til Sjømannskyrkja. Kyrkjekaffi.

**DALE KYRKJE** kl. 16.00. UNG MESSE. Edvard Bø og konfirmantar. Offer til Norsk Lærerakademi.

### Sundag 3. oktober

19. SUNDAG ETTER PINSE Mark. 10,1727

**VAKSDAL KYRKJE** kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø,

Anne Hansli og Harald B. Breistein. Nattverd. Kilden deltek.

Offer til HimalPartner (tidl. Tibetmisjonen).

**STAMNES KYRKJE** kl. 19.00. Høgmesse. Edvard Bø,

Anne Hansli og Harald B. Breistein. Nattverd. Offer til

Menneskeverd.

### Sundag 10. oktober

20. SUNDAG ETTER PINSE 1 Mos. 9,817

**DALE KYRKJE** kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe,

Kari Sæle og Lise E. Haukås. Dåp og nattverd.

50-/60-årskonfirmantar. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**EIDSLAND KAPELL** kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø.

Nattverd. Offer til Menneskeverd.

**NESHEIM KYRKJE** kl. 15.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe,

Kari Sæle og Lise E. Haukås. Nattverd.

**BERGSDALEN KYRKJE** kl. 20.00. Høgmesse. Edvard Bø,

Kari Sæle og Lise E. Haukås. Nattverd. Offer til HimalPartner

(tidl. Tibetmisjonen).

### Sundag 17. oktober

21. SUNDAG ETTER PINSE Mark. 10,1316

**VAKSDAL KYRKJE** kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø.

Nattverd. 50-årskonfirmantar. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### Sundag 24. oktober

22. SUNDAG ETTER PINSE Matt. 11,2530

**STAMNES KYRKJE** kl. 11.00. Familiegudsteneste.

Frode Kvamsøe. Utdeling av 4-årsbok. Offer til IKO Kirkelig pedagogisk senter.

**DALE KYRKJE** kl. 16.00. Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe.

Utdeling av 4-årsbok. Stanghelle/Dale barnesongkor deltek.

Offer til TVaksjonen.

### Sundag 31. oktober

BOTS OG BEDEDAG Luk. 13,2330

**EKSINGEDALEN KYRKJE** kl. 11.00. Høgmesse.

Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til Ungdom i Oppdrag.

**VAKSDAL KYRKJE** kl. 18.00. Skriftemålgudsteneste.

Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kirkens SOS.

### Fredag 5. november

**VAKSDAL KYRKJE** kl. 20.30. Ungdomsgudsteneste.

Edvard Bø og Vaksdal Kristelege Ungdomslag.

Offer til NKSS Region vest.

### Sundag 7. november

HELGEMESSE Matt. 5,1316

**NESHEIM KYRKJE** kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe.

Nattverd.

**DALE KYRKJE** kl. 19.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe.

Nattverd. Offer til HimalPartner (tidl. Tibetmisjonen).

### Sundag 14. november

25. SUNDAG ETTER PINSE Joh. 6,3740

**STAMNES KYRKJE** kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe.

Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**VAKSDAL KYRKJE** kl. 16.00. Familiegudsteneste. Edvard Bø.

Utdeling av 4-årsbok. Offer til Sundagsskolen Bergen krets.

### Sundag 21. november

Ingen gudstenester.